

Oppover igjen for skulemusikken

09.12.2011



Frammøtet på grautfesten var upåklageleg

Etter at korpset har vore i ein bølgjedal går det lukkelegvis oppover for skulemusikken. Den tradisjonelle grautfesten som er avvikla i kveld på KV (tidlegare AFA) er eit klårt døme på det, for der møtte det fram bortimot 30 og svært få av dei aktive musikantane var fråverande. Og talet på aktive er 19 pluss 7 aspirantar, eit lovande tal samanlikna med det som var aktuelt for berre stutt tid sidan.

Ei svært så gledeleg overrasking dukka også opp: Elin Enæs overrekte leiar Monica Storevik og nestleiar Anne K. Rørheim 10 035 kroner og blomar som takk for god innsats. Pengane er resultatet av kjeks- og kakesalet på Martabu så langt i adventstida og under julegrantenninga!

At ei slik påskjønning er fortent er det ikkje tvil om for det siste av dei 3 åra dei har vore i styret hr dei sete der åleine! Kva som kjem til å skje under årsmøtet i februar er uvisst, men dei 2 er i alle fall på jakt etter fleire styremedlemmer.

Korpset er inne i ei svært travel helg med grautfest, 3 dagers seminar og julekonsert i kyrkja sundag. Ikkje minst har dirigent Tor Skeie Olsen det travelt. Mykje av dei ljosare utsiktene knyter seg til han.

Av Ola Matti Mathisen



Fortente blomar til Monica og Anne